

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Møterom 1. etasje Herøy rådhus  
**Dato:** 13.08.2018  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 06.08.18

Stig Arne H. Sævik  
leiar

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 25/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 26/18	Protokoll frå førre møte
PS 27/18	Delegerte saker
PS 28/18	Referatsaker
PS 29/18	Tildeling av driftstilskot av kulturmidlar - 2018
PS 30/18	Etablering av kommunalt eigedomsselskap
PS 31/18	U.off. §13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond -
PS 32/18	U. off. §13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - klage på vedtak i KN-sak 15/18

## **Referatsaker**

RS 9/18

Spørsmål til rådmannen 07.05.2018 - svar fra  
rådmannen



**PS 25/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 26/18 Protokoll frå førre møte**

**PS 27/18 Delegererte saker**

**PS 28/18 Referatsaker**



Serviceforretning

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	LU	Arkivsaknr:	2018/263
		Arkiv:	233

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/18	Komite for næring, kultur og idrett	13.08.2018

### TILDELING AV DRIFTSTILSKOT AV KULTURMIDLAR - 2018

#### Tilråding:

1. Kulturmidlane er fordelt på kategoriar Barn og unge, Song og musikk, Idrett etter vedlagt liste over tildeling.
  - . Tilskotet vert utbetalt over post
  - . Barn og unge, 14700. 4011. 231.
  - . Idrett, 14700. 4011. 380.
  - . Song og musikk, 14700. 4011. 377.

Tildelinga er utrekna ut frå retningslinjer for tildeling av kulturmidlar.

#### Særutskrift:

Søkjjarar til kulturmidlar – driftstilskot Born og unge – Indrett – Song og musikk 2017  
Økonomiavdelinga – Geir Egil Olsen

**Vedlegg:**

- 1 kulturmidklar skjema 1born og unge 2017
- 2 kulturmidlar skjema idrett 2018
- 3 kulturmidlar skjema Song og musikk.2018

- 1 kulturmidklar skjema 1born og unge 2017
- 2 kulturmidlar skjema idrett 2018
- 3 kulturmidlar skjema Song og musikk.2018

Liste over tildeling, song/musikk, born/unge og idrett

**Saksopplysningar:**

Fordelingsnøkkel for driftstilskot frå kulturmidlane er:

Born og unge skal prioriterast. Der laget har medlemmar både over og under 20 år, vert også medlemmar over 20 år teke med i utrekninga, men medlemmer under 20 år vert då vekta dobbelt i forhold til medlemmar over 20 år. Organisasjonar med tradisjonelt berre medlemmar over 20 år, kan ikkje søkje om driftstilskot.

For tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar:

Søndagsskular får ein grunnstønad på kr. 300,- og driftsstønad på kr. 30,- pr. deltakar fastsett etter frammøteliste. Det var 2 søknadar om tilskot fordelt på 67 born.

Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,-. I tillegg ein driftsstønad på kr. 80,- pr. deltakar. Medlemslister skal leggest ved. Frammøtelister kan vurderast/ godkjennast. Det var 8 søknadar i denne kategorien fordelt på 218 born og 34 vaksne.

Interkommunal verksemd kan få ein grunnstønad på kr. 400,- i tillegg ein driftsstønad på kr. 50,- for medlemmar frå Herøy. Det kom inn 1 søknad som driv interkommunal verksemd. Søkjaren har ikkje born under 20 år og får difor ikkje tilskot.

Avsette midlar til barn og unge, samt interkommunal verksemd er kr. 60 000,- til fordeling, ut frå antal søknadar vert det fordelt kr. 21 925,-.

For tilskot idrett gjeld desse prinsippa:

Tilskotet vert fastsett etter medlemstal. Medlemslister skal leggest ved per 31.12. jfr. Idrettsregistreringa. Det kom inn 3 søknadar, avsett kr. 95.000,- til fordeling på totalt 635 born og 372 vaksne medlemmar. Tildelt kr. 94 995,-.

Frøystad grendelag har søkt om driftstilskot. Dei er ikkje tilslutta NIF, dei har ikkje faste medlemmer og kan difor ikkje tildelast slikt tilskot. Søknaden er overført til kulturavdelinga for å sjå om dei kan tidelast anna type tilskot.

For tilskot song og musikk gjeld desse prinsippa:

Tilskotet vert fordelt mellom søknadane slik at instrumentale grupper vert vekta i forhold til kor 5:1. For dei korpsa som har dirigentsamarbeid, skal dette tilskotet tildelast samla, og deretter delast etter dividende på talet på medlemmar. Medlemslister skal leggest ved. Det var 6 instrumentale grupper og 1 kor som søkte. Ei av dei instrumentale gruppene har ikkje medlemmar under 20 år. Ei instrumental gruppe har eitt medlem under 20 år, men er ikkje innmeldt til NMF eller andre, og begge gruppene får difor avslag.

Fordelinga vert da på 3 instrumentale grupper og 1 kor, fordelt på 491 born og 59 vaksne. Avsett kr. 80 000,- brukt kr. 79 995.

Det er kome inn søknad frå Sunnmøre kammermusikkfestival AS. Dette er å sjå som ei «verksemd» og kjem ikkje under nokon av kategoriane for å søkje driftstilskot. Dei får difor eit avslag.

**Vurdering og konklusjon:**

Kulturmidlar 2018 er fordelt ut frå retningsliner for tildeling vedteke av hovudutvalet for kultur i KU-sak 02/97 F-sak 21/06, i F-sak 63/08 og sist i F-sak 75/11.

Søknadar for Barn og unge, Idrett, Song og musikk inneheld naudsynt dokumentasjon som medlemslister, frammøtelister og budsjett.

Tiltak for barn og unge skal prioriterast. Dei innvilga søknadane har alle medlemer under 20 år.

1 søknad frå interkommunal verksemd har ikkje medlemmar under 20 år og får difor avslag.

1 søknad frå instrumental gruppe har ikkje medlemmar under 20 år og får difor avslag.

1 søknad frå intrumental gruppe har 1 medlem under 20 år, men er ikkje tilslutta NMF eller andre.

1 søknad er å sjå som ei verksemd (AS) og kjem ikkje under kategorien for å søkje driftstilskot i nokon av gruppene.

1 søknad har ikkje faste medlemmar, søknaden er overført til kulturavdelinga for å sjå på om der er andre kategoriar enn driftstilskot dei er berettiga til.

Fosnavåg, 31.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Utseth



SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2018 BORN OG UNGE									
Lag/ foreining	Born	Vaksne	Tilslutning	Møtefrek.	Tilskot til	Inntekt- 17	Utgift- 17	Tilskot 17	Tilskot 18
fx HERØY	15	1	Frikyrkja	40 pr. år	Drift	19897	30735	2760	2240
Mulevika 4H	24	2	4H Norge	20 pr. år	Drift	64340	44436	2520	3000
Søndagsskulen i Frikyrkja	28	5	FriBu	20 pr.år	Drift	32227	14419	1290	1215
Joyful - Tween	4	2		16 pr. år	Drift	9897	5505	0	1400
Herøy frikyrkje speidargruppe	70	22	Norges speiderfor	1 g. pr. vk.	Drift	610000	593500	7280	7480
Remøy Juniorlag	28	0	NLMS	14 pr.år	Drift	48914	39520	2760	3240
Myrvåg 4 H	10	2	4 H M&R	15-20 pr. år	Drift	126666	114534	0	1880
Miniklubb Nerlandsøy	39	0	Søndagsskulen No	14 pr.år	Drift	3198	5393	1320	1470
Interkommunal verksemd:									
*Sunnmøre Tamilske Kultur Forening									AVSLAG
	218	34						17930	21925

Søndagsskular får ein grunnstønad på kr. 300,- og driftsstønad på kr. 30,- pr medlem u/ 20 år.

Barneforeiningar får ein grunnstønad på kr. 500,- og driftsstønad på kr. 50,- for medl u/ 20 år.

Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,- og driftsstønad på kr. 80 for medl u/ 20 år.

Ingerkommunal verksemd kan få grunnstønad på kr. 400,-, i tillegg ein driftsstønad på kr. 50,- pr medlem frå Herøy.

Medlemmar over 20 år får ein driftsstønad på 50% av ordinær, gjeld alle kategoriane.

Frammøtelister skal/ bør leggest ved, da minimum oppmøte pr år er 3 gonger, og frammøte må synast for kvart enkelt medlem.

Det er i år totalt 8 søkjarar, men eit avslag:

\*Sunnmøre Tamilske Kultur Forening har ikkje medlemmer under 20 år som er frå Herøy og søknaden vert difor ikkje innvilga.

Søknad frå Frøystad grendalag er overført til Eileen Gjerde.

## Gr stønad+tilegg barn+tilegg voksen

$$1000+15 \times 80+1 \times 80/2=2240$$

$$1000+24 \times 80+2 \times 80/2=3000$$

$$300+28 \times 30+5 \times 30/2=1215$$

$$1000+4 \times 80+2/2 \times 80=1400$$

$$1000+70 \times 80+22 \times 80/2=7480$$

$$1000+28 \times 80=3240$$

$$1000+10 \times 80+2 \times 80/2=1880$$

$$300+39 \times 30=1470$$



<b>FORDELING AV DRIFTSTILSKOT 2011 BORN OG UNGE</b>				
<b>Lag/ foreining</b>	<b>Grunnstønad</b>	<b>Samla ant.Medlemmar</b>	<b>Tildeling 2010</b>	<b>Tildeling 2011</b>
<b>Pinsemenigheiten Sion</b>	0	0	0	<b>0</b>
<b>Frøystad Søndagskule</b>	300	26	660	<b>1080</b>
<b>Moltustranda Søndagskule</b>	300	23	720	<b>945</b>
<b>Remøy Søndagskule</b>	300	39	1280	<b>1410</b>
<b>Tamilsk kvinne organisasjon</b>	400	5	650	<b>505</b>
<b>pinsemenigheiten Sion</b>	300	40	840	<b>1305</b>
<b>Mulevika 4H</b>	1000	20	1680	<b>2480</b>
<b>Herøy Frikyrkje Søndagskule</b>	300	41	1400	<b>1530</b>
<b>KG Guteklubb Herøy Frikyrkje</b>	1000	11	640	<b>1850</b>
<b>USB- Herøy Frikyrkje</b>	1000	15	1200	<b>2760</b>
<b>Tweens Grupper, herøy Frikyrkje</b>	1000	11	960	<b>2000</b>
<b>Leikong Barneforeining</b>	500	14	0	<b>1225</b>
<b>Kvalsvik Søndagskule</b>	300	20	800	<b>900</b>
<b>Sunnmøre Tamilske K.Forening</b>	400		540	<b>550</b>
<b>Herøy Kyrkje, Fredagstreffet</b>	1000		0	<b>1000</b>
<b>Herøy Kameraklubb</b>	1000	49	0	<b>3160</b>
<b>Adventura Nerlandsøy</b>	1000	24	19800	<b>2720</b>
<b>Remøy Juniorlag</b>	1000	27	1600	<b>2350</b>
	11100			<b>27770</b>

For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot vere levert innan fristen som er sett.

Kulturmidlane for born og unge er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningslinjer vedtatt i F - 75/ 11

Søndagskular får grunnstønad på kr 300,- og driftsstønad på kr 30,-pr deltakar

Barneforeiningar får grunnstønad på kr 500,- og driftsstønad på kr 50,-pr delta

Reint barne- og ungdomsarbeid får grunnstønad på kr 1000,- og driftsstønad på kr 80 pr deltakar.

Interkommunal verksemd kan få ein grunnstønad på kr 400,- og driftsstønad på kr 50,- pr medlam frå Herøy.

Samarebeidsorgan for lag og organisasjonar kan få tilskot på inntil kr 700,-

**Herøy Ungdomsråd er høyringsorgan for driftstilskot frå kulturmidlane.**

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2018 IDRETT									
NAMN / LAG	BORN	VAKSNE	TILSLUTNING	MØTEFREK.	TILSKOT TIL	INNTEKT 17	UTGIFT 17	TILSKOT 17	TILSKOT 18
Bergsøy IL	500	219	M&R Idrettskrets	12 md pr år	Drift	8741123	7886240	76 043	70 526
Herøy Dykkerklubb	31	29	Norges Dykkerforb.	1,5 t. pr. vk	Drift	177144	107098	5043	5 265
Gurskøy Idrettslag	104	124	M&R Idrettskrets	6-7 dg pr vk	Drift	477720	321860	ikkje søkt	19 208
Frøystad grendelag									Overført til Eileen
	635	372							94 999

Kulturmidlane for idrett er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningsliner vedtatt i F- sak 75/11.

For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot til kulturføremål vere levert innan fristen som er sett. Der søknaden er mangelfullt utfylt eller manglar dokumentasjon, vert det gjeve ei påminning.

Interkommunal verksemd kan få ein grunnstønad på kr 400,-

Avsett midlar til idrett 2018 er kr 95. 000,-

Totalt  $635 \times 1 + 372 \times 0,5 = 821$  medlemmar, kr 115,71 pr medl.

Frøystad grendelag er ikkje registrert i NIF. Dei har heller ikkje faste medlemmar og har ikkje medlemsliste. Søknaden er overført til Eileen for å vurdere om dei kan få anna type tilskot.

$$500 \times 115,71 + 219 \times 0,5 \times 115,71 = 70526$$

$$31 \times 115,71 + 29 \times 0,5 \times 115,71 = 5265$$

$$104 \times 115,71 + 124 \times 0,5 \times 115,71 = 19208$$

I

FORDELING AV DRIFTSTILSKOT 2010				IDRETT	
SØKJARAR	MEDLEMAR	TILDELING 09	TILDELING 10		
			Kr 85000		

Moltustranda	45				
Gurskøy IL	60				
Ulstein Omega	2				

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2018		SONG OG MUSIKK							
	BORN	VAKSNE	TILSLUTNING	MØTEFR.	TILSKOT TIL	INNTEKT 17	UTGIFT 17	TILSKOT 17	TILSKOT 18
Einedalen skulekorps	18x5	10x2,5	NMF	40 g pr år	Drift	130 000	130 000	13 234	16 726
Lisjefrik	51x1	13x0,5	FriBU	1 g pr 2. vk	Drift	38 593	49 858	6 715	8 363
Kvalsvik og Nerlandsøy musikkorp.	37x5	7x2,5	Korpsnett No.	40 t pr år	Drift	361 121	277 652	13 234	29 453
Jøleik skulemusikkorps	33x5	4x2,5	NMF	ca 84 t pr år	Drift	180 215	178 135	6 372	25 453
Remøy skulekorps - avslag									Avslag
Sunnmøre Kammermusikkfestival AS									Avslag
Herøy Janitsjar									Avslag
	491	59							79995

Kulturmidlane er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningsliner vedtatt i F-sak 75/11

For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot vere levert innan fristen som er sett.

Interkommunal verksemd får ein grunnstønad på kr 400,-

Avsette midlar til song og musikk 2018 er kr 80 000,-

Antal born i korps er vekta 5:1, vaksne 2,5, born i song/ kor er vekta 1:1, vaksne 0,5. Totalt antal vert då delt på totalt avsette midlar.

$80\ 000:550=145,45$  pr aktiv medlem

Remøy skulekorps er i hovudsak eit korps for vaksne, dei har eitt medlem under 20 år, dei er ikkje tilsutta ein fylkesorganisasjon.

Herøy Janitsjar, har ikkje medlemmar under 20 år.

Sunnmøre Kammermusikkfestival AS. Er å sjå som ei "verksemd", har ikkje medlemmar under 20 år.




$$18 \times 5 + 10 \times 2,5 \times 145,45 = 16726$$

$$51 \times 1 + 13 \times 0,5 \times 145,45 = 8363$$

$$37 \times 5 + 7 \times 2,5 \times 145,45 = 29453$$

$$33 \times 5 + 4 \times 2,5 \times 145,45 = 25453$$



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2017/219
		Arkiv:	037

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
30/18	Komite for næring, kultur og idrett	13.08.2018
	Kommunestyret	23.08.2018

### ETABLERING AV KOMMUNALT EIGEDOMSSELSKAP

#### Tilråding:

1. Kommunestyret tek komiteen si tilråding til vitande og ber rådmannen om å vidareføre organiseringa av eigedomsforvaltninga som i dag.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide ein modell for internhusleige og legge denne til grunn for budsjett 2020.

Særutskrift:  
Komite for næring, kultur og idrett  
Rådmannen si leiargruppe  
Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar  
Hovudverneombodet  
HVT Fagforbundet  
Kontaktutvalet

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg

1. Uttale frå dei tilsette i egedomsavdelinga

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 144/16
2. K-sak 176/16
3. K-sak 162/12

## **Samandrag av saka:**

Saka gjeld utgreiing vedrørande etablering av kommunalt egedomsforetak eller kommunalt egedomsselskap.

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld utgreiing vedrørande etablering av kommunalt egedomsforetak eller kommunalt egedomsselskap.

### Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 144/16 rådmannen sitt forslag til omorganisering av kommuneorganisasjonen og fatta i den samanheng slikt vedtak:

*«Kommunalt egedomsselskap skal komiteutgreiast.»*

Kommunestyret gjorde i K-sak 176/16 slikt vedtak:

*“Komite for næring, kultur og idrett skal stå føre utgreiingsarbeidet.”*

Komite for næring, kultur og idrett oppretta i møte 06.02.2017 ei arbeidsgruppe for utgreiingane, bestående av fylgjande personar:

*Stig Arne Sævik  
Reidun Myrvågnes  
Hilde Marie Brungot*

Arbeidsgruppa fekk ansvaret for gjennomføringa av utgreiingsarbeidet. Reidun Myrvågnes fratrådte arbeidsgruppa etter permisjon frå sine politiske verv.

Arbeidsgruppa har gjennomført 5 arbeidsmøter. Ulstein egedomsselskap KF møtte i eit arbeidsgruppemøte for å presentere sitt foretak. Utover det har arbeidsmøta vore nytta til drøftingar av ulike problemstillingar knytt til mandatet og til gjennomgang av utkast til saksframstilling.

Rådmannen har oppnemnd egedomsleiar som sekretær for utgreiingsarbeidet.

## Medverknad og prosess

Fagforbundet og hovudverneombod har delteke i arbeidsmøta og i avsluttande møte i eigedomsavdelinga sin stab der saksframlegg vart presentert og drøfta. Uttale frå dei tilsette er utarbeida etter siste møte og fyl som prenta vedlegg 1 til saka.

## Eigedomsavdelinga i dag

Eigedomsavdelinga er pr. i dag ei avdeling under sektor Stab og er organisert som følger:



Ansvarsområdet omfattar fagområda Forvaltning, Drift, Vedlikehald og Utvikling av kommunale bygg samt einssilde oppgåver under kategorien Service.

Med unntak for investeringsprosjekt (Utvikling), som vart overført til eigedomsavdelinga i november 2015, og startlån og tilskot (Bustadforvaltning) som vart overført til avdelinga i 2013, så er ansvarsområdet for avdelinga det same som ved etableringa i 2002.

Ved rådmannens omorganisering av kommuneorganisasjonen til kommunalsjefstruktur i 2017, vart eigedomsavdelinga underlagt Sektor Stab saman med Servicetorget, Dokumentsenteret, Økonomiavdelinga, Personalavdelinga og Innkjøp.

## **Utgreiing av kommunalt eideomsforetak / eideomsselskap**

Innleiingsvis gjer komiteen greie for korleis kommunestyrets mandat er forstått og for kva målsetting som har lege til grunn for eideomsforvaltninga og utgreiinga av organisasjonsalternativ. Vidare gjer komiteen greie for nokon faktiske utgangspunkt og føresetnader før dei avsluttande vurderingane og komiteens konklusjon.

### Mandatet

Kommunestyrets vedtak inneber at det skal greiast ut kommunalt eideomsselskap. Etter ordlyden skal såleis både kommunalt eideomsforetak (KF) og kommunalt eideomsselskap (AS) greiast ut.

Etter sin ordlyd, kan mandatet tolkast til å omfatte også interkommunalt eideomsselskap (IKS) eller stiftelse. Komiteen beslutta i møte 13.03.2017 å ikkje greie ut desse alternativa då det ikkje har vore signal frå kommunestyret om at interkommunalt samarbeid eller andre organisasjonsformer enn foretak og aksjeselskap skal greiast ut.

### Målsetting for eideomsforvaltninga sitt ansvarsområde

Komiteen legg til grunn at ei organisering av eideomsforvaltninga som eideomsforetak eller eideomsselskap ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit virkemiddel for å nå andre målsettingar.

I utgreiinga har komiteen lagt til grunn fylgjande målsetting for eideomsforvaltninga:

*“Profesjonell og effektiv eideomsforvaltning  
med fokus på verdibevarande drift, vedlikehald og  
vidareutvikling av bygningsmassen.”*

Forslaget til målsetting byggjer på den målsetting som fyl av gjeldande strategi for investering drift og vedlikehald av kommunale bygg, jf. K-sak 162/12.

### Kommunalt eideomsforetak KF

Kommunale eideomsforetak KF er regulert i kommunelova kap. 11 og inneber at eideomsforvaltninga vert organisert som eit eige foretak med ein dagleg leiar underlagt eit styre, som igjen er underlagt kommunestyret som eigar.

Foretaket er ein utskilt del av kommuneorganisasjonen forøvrig, men er økonomisk og juridisk fortsatt ein del av kommunen. Dette har særskilt betydning for foretakets tilsette, som under slik organisering fortsatt er tilsette i Herøy kommune.

Kommunen er direkte ansvarleg for all verksemd i foretaket og ivaretek dette gjennom det årlege eigarmøtet. Eigarmøtet er ikkje obligatorisk, men kan vere hensiktsmessig for å sikre eit godt samarbeid mellom foretaket, kommuneorganisasjonen forøvrig og politisk nivå.

Dagleg leiar er ikkje underlagt kommuneorganisasjonen forøvrig. Rådmannen har såleis ikkje direkte instruksjonsmynde over foretaket, men kan kreve styresaker utsett til saka har vore politisk behandla.

## Kommunalt eideomsselskap AS

Kommunale eideomsselskap AS (heretter omtala som "eideomsselskap") er regulert i aksjeselskapslovgivninga og inneber, som for foretaksmodellen, at det vert etablert eit selskap med dagleg leiar, eit styre og ei generalforsamling.

Kommunen kan vere eigar av eideomsselskapet åleine eller saman med andre, herunder såvel andre kommunar, fylkeskommunar og private eigarar.

Eideomsselskapet er utskilt frå kommuneorganisasjonen elles, både økonomisk og juridisk. Dei tilsette er under ein slik modell ikkje lenger tilsette i Herøy kommune, men i eideomsselskapet som sjølvstendig rettssubjekt. Ei slik endring må formelt sett gjennomførast etter regelverket for virksomheitsoverdraging.

Ved virksomheitsoverdraging er det arbeidsforholda på overdragelsestidspunktet som overførast til eideomsselskapet. I utgangspunktet vil dei tilsette behalde dei rettar etter arbeidsavtalen som er opparbeidde, herunder individuelle rettar og rettar som kun er munnleg stadfesta. Dersom eideomsselskapet ynskjer å endre eller fjerne avtalte goder, er selskapet avhengig av samtykke frå dei tilsette med mindre endringane ligg innanfor arbeidsgivarens styringsrett. Grense for styringsretten vil i utgangspunktet då være lik styringsretten som tidlegare arbeidsgivar hadde.

I motsetnad til eit foretak, er kommunen indirekte ansvarleg for verksemda i eideomsselskapet og ivaretek dette primært gjennom den årlege generalforsamlinga. Kven som skal vere generalforsamling for selskapet ligg til kommunestyret å bestemme.

På same vis som for eit eideomsforetak, er dagleg leiar ikkje underlagt kommuneorganisasjonen forøvrig. Rådmannen har såleis ikkje instruksjonsmynde over eideomsselskapet. Samanlikna med foretaket, kan rådmannen overfor eit eideomsselskap heller ikkje krevje styresaker utsett til saka har vore politisk handsama.

\* \* \*

### Etablering av egedomsforetak/egedomsselskap

Ved etablering av eit egedomsforetak eller egedomsselskap må kommunestyret vedta vedtekter i samsvar med kommunelova og aksjeselskapslovgivninga. Vidare må det etablerast fullmakter som gir foretaket/selskapet det naudsynte handlingsrom til å nå målsettinga som kommunestyret har vedteke. Vidaredelegering av fullmakter frå styret til dagleg leiar, vedtakast av styret.

For foretaka vert det også anbefalt å etablere ei eigarskapsmelding. Denne meldinga er meint som eit overordna styringsdokument som sikrar naudsynte styringssignal til foretaket og tydeleggjer kommunestyrets ansvar. Eigarskapsmeldinga kan også innehalde bestemmelsar om rapportering og kommunikasjon mellom eigar og foretaket.

Ved etablering vil det normalt sett også overdragast egedelar, gjeld og eigenkapital, herunder bunde og ubunde fond. Det vil difor også være nødvendig å etablere ein inngåande balanse som grunnlag for rekneskapsføring og rekneskapsavleggelse.

Åpningsbalansen skal utarbeidast på basis av dei egedelar og gjeld som var bokført i kommunens rekneskap på tidspunktet for etablering.

### Særleg om styret

For både foretaket og egedomsselskapet vert ansvaret og kontrollen med egedomsforvaltninga som verksemd flytta frå kommunestyret, formannskapet, dei politiske komiteane og plan- og byggenemnda til styret som øvste organ.

Det er ulik praksis i norske kommunar for korleis foretaket/egedomsselskapets styre vert samansett. Nokon kommunar vel utelukkande aktive politikarar til styret, andre kommunar vel ein kombinasjon av aktive politikarar og næringslivsrepresentantar, medan nokon kommunar utelukkande har næringslivsrepresentantar i styret.

Kommunestyret kan velge å vedta ein styreinstruks som tydeleggjer styrets rolle og oppgåver. Styret kan også vedta slik instruks sjølv. Styreinstruksen bør detaljere styrets ansvar og oppgåver utover det som allereie fyl av kommunelova og gi styret grunnlag for etterfylgjande styreevaluering.

### Særleg om rekneskap

Foretaket skal avlegge særregnskap for si verksemd, jf. forskrift 24.08.2006 nr. 1003. I utgangspunktet skal dette rekneskapet førast etter det same regelverk og dei same prinsippa som for kommunen forøvrig, mao. prinsippa for god regnskapsskikk.

Foretaket kan også føre eit skyggerekneskap etter rekneskapslova. Dette vert av ein skilde framheva som viktig, primært for å synleggjere vedlikehaldsetterslepet knytt til kommunal bygningsmasse og effekten av gjennomførte vedlikehalds- og investeringstiltak. Frå eit bedriftsøkonomisk perspektiv kan ein argumentere for at balanseføringa av egedomsmassens verdi gir betre grunnlag for slik synleggjering av vedlikehaldsetterslepet fordi avskrivningar påverkar driftsresultatet direkte. Det gjer ikkje rekneskapsføring etter kommunelova. Samstundes inneber slikt skyggerekneskap dobbelt rekneskapsføring sidan foretakets godkjente rekneskap skal utarbeidast på basis av prinsippa for god regnskapsskikk i kommunerekneskapen.

Dersom foretaket skal drive næringsverksemd, skal regnskapet først etter bedriftsøkonomiske prinsipp og stillast opp etter regnskapslova, jf. ovannemnde forskrift § 19. Når verksemda utøvast i eit marked og føremålet er å tilføre foretaket ein økonomisk gevinst, må dette reknast som næringsverksemd. Herøy kommunes utleige av næringsbygga Industrivegen 19 og Nedre Dragsund 2 omfattast av dette.

Eigedomsselskapet på si side fører sitt rekneskap utelukkande etter rekneskapslovgivinga, på lik linje med andre private aksjeselskap.

#### Særleg om rekneskapsmessig meirforbruk

Rekneskapsmessig meirforbruk skal dekkast inn over foretakets særrekneskap det einskilde år. Dekker ikkje foretaket meirforbruket, skal dette først opp til dekning gjennom ei bevilgning på kommunens budsjett det påfølgande år fram til meirforbruket er dekkast inn. Dette medfører at ei kommune kan avlegge rekneskap med meirforbruk medan foretaket avlegger rekneskap med mindreforbruk, eller omvendt.

Næringsdrivande foretak har regnskapsmessig meirforbruk når foretaket har negativ eigenkapital.

#### Særleg om eksisterande gjeld og nye låneopptak

Ved opprettinga av eit foretak eller eit eigedomsselskap skal kommunens eigarar og gjeld overførast i samsvar med foretaket/eigedomsselskapets ansvarsområde.

Sidan eit foretak tek over kommunens eigedomsmasse, kan det også argumenterast for at foretaket må ha fullmakt til låneopptak for nye investeringar. Sidan foretaket er del av kommunen som rettssubjekt og derfor ikkje kan gå konkurs, vil foretaket ha den same kredittverdigeita som kommunen forøvrig. Det er uansett kommunestyret som avgjer kva fullmakter foretaket skal ha til låneopptak.

For eigedomsselskapet som sjølvstendig juridisk eining, ligg spørsmålet om låneopptak til styret og generalforsamlinga å avgjere.

#### Særleg om fond

Kommunestyret må i foretakets vedtekter og økonomireglement fastsette foretakets fullmakter til å fordele/disponere kommunestyrets bevilgningar, herunder mulegheita til å avsette midlar på fond.

For eit foretak kan særleg fylgjande fond vere aktuelle å etablere:

1. Vedlikehaldsfond
2. Energifond for å dekke skiftingar i energimarknaden
3. Rentefond for å dekke skiftingar i rentemarknaden
4. Investeringsfond til nybygg mm.
5. Eigedomsfond til investeringar og/eller sal av eigedom.

Det er kommunestyret som fastsetter kva fond foretaket skal og kva fullmakter som skal fylgje for disponering av desse.

Foretakets rekneskap skal gjerast opp som eige rekneskap, uavhengig av kommunerekneskapan forøvrig. Foretaket kan difor bygge opp fond, sjølv om kommuneorganisasjonen forøvrig går med underskot.



### Særleg om MVA

Foretaket er del av kommunens verksemd og har tilsvarande rett til kompensasjon av meirverdiavgift. Det er kommunen som sender inn kompensasjonsoppgåvene for foretaket. Eit eigedomsselskap vil ha tilsvarande rettar, føresett at kommunens eigarandel i selskapet er 100 %.

### Særleg om offentleg støtte / offentleg innkjøp

Lov og forskrift om offentleg støtte og offentleg innkjøp gjeld likelydande for foretaket. For eigedomsselskapet gjeld tilsvarande, føresett at kommunen eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet.

### Særleg om internhusleige som verktøy

Det vert framheva som eit viktig verktøy for eit foretak å kunne inngå bindande kontrakter med dei verksemdene som nyttar foretakets eigedomar i det daglege. Det vert vidare framheva som avgjerande at desse kontraktene vert inngått på ein måte som gjer at kostnadane med utførelse av alle foretakets oppgåver dekkast

Formaliserte leigeavtalar, herunder avtalar om tenesteleveranse vert difor framheva som sentrale for at foretaket skal kunne lykkast i si verksemd. Ei god eigedomsforvaltning innebær langsiktigheit. Dei økonomiske rammebetingelsane må difor være tilpassa dette. Det er gjennom leigeavtalar ein avsett midlar til dette. Leigeavtalane må sjåast på som bindande for både foretaket, rådmannen, verksemdene som leigetakarar og kommunestyret som eigar. Det er gjennom å "binde seg til masta" eit foretak eventuelt kan sikrast eit forutsigbart budsjett til sitt ansvarsområde.

### Særleg om kjøp, salg og utleige til andre som verktøy

Avhengig av foretakets formål, kan det være viktig for måloppnåinga at foretaket får mandat og verktøy til å gjennomføre kjøp, sal og makeskifte av fast eigedom. I nokon situasjonar er det betre å selge seg ut av eit vedlikehaldsetterslep eller utviklingsbehov, i andre situasjonar kan det vere betre å kjøpe i staden for å bygge sjølv eller naudsynt å kjøpe for å kunne bygge sjølv.

### Andre føresetnadar for foretaksorganisering

Etablering av både eit foretak og eit eigedomsselskap medfører eit meir formelt skille overfor kommunens verksemd forøvrig enn dagens organisering inneber. I praksis inneber slik etableringa ofte også at foretaket/selskapet flytter inn i egne lokale utanfor rådhuset. Dette vert vanlegvis gjort for å synleggjere den organisatoriske endringa og for å styrke det moment som etableringa av eit styre og innføring av internhusleige inneber. Ved etableringa av eit eigedomsselskap, vil dette være heilt naudsynt.

Eit foretak/selskap vil i ein slik samanheng også få større avstand til dei tenester eigedomsavdelinga i dag samarbeider tett med i kommuneorganisasjonen. Dette treng ikkje nødvendigvis innebere så store endringar i praksis, men formelt sett vil eit foretak/selskap måtte kjøpe tenester frå både sentralbord, dokumentsender, personalavdeling og økonomiavdeling for å sikre si drift. Det er verken vanleg eller mogleg at foretaket løyser desse behova innanfor egne rekker. I tillegg vil ei flytting skape større avstand til økonomiavdelinga, plan- og byggesak, servicetorg og andre verksemdar eigedomsforvaltar samarbeider med. I den samanheng er kanskje dagens samarbeid med prosjektleiarane under anlegg- og driftsavdelinga og samhandlinga med økonomiavdelinga særleg verdt å framheve.

Etablering av eit foretak vil også medføre andre formelle tilretteleggingsgrep, då særleg heimsoverføring av bygningsmassen og lånegjeld knytt til denne. Ved etablering av eit eigedomsselskap vil dette få direkte økonomisk betydning i form av dokumentavgift til staten, medan ein under foretaket kan gjennomføre slike endringar utan å måtte betale dokumentavgift.

Eit foretak er ikkje eit eige rettssubjekt og kan utelukkande lukkast dersom kommunens øvrige beslutningsaktørarar legger til rette for det. Foretaksmodellen føreset difor eit harmonisk samspel og ei kompetanse i heile kommuneorganisasjonen om kva verktøy foretaket må ha for å kunne nå sine målsettingar. Likeins må det etablerast arenaer for å sikre krava til medverknad og involvering i dei prosessar selskapet iverksett.

## **Komiteens avsluttande vurdering og konklusjon**

Komiteens vurdering og konklusjon byggjer på dei faktiske forhold omtala ovanfor, uttalen frå dei tilsette og rådmannen og dei vurderingar komiteen sjølv har gjort ut i frå dagens situasjon.

### Utgangspunkt

Komiteen har i si vurdering og konklusjon teke utgangspunkt i at ansvaret for eigedomsforvaltninga bør vere samla i ei verksemd, som i dag. Alternativet er å fordele ansvaret utover dei øvrige verksemdene i organisasjonen, noko komiteen vurderer som uheldig og i strid med nasjonale og faglege føringar for korleis eigedomsforvaltninga bør organiserast.

Dagens organisering av eigedomsavdelinga ivaretek ovannemnde på same vis som eit foretak eller eit eigedomsselskap kan gjere det. Skal komiteen tilrå etablering av eit foretak eller eigedomsselskap, må såleis vektige argument tale for ei slik løysing, og då særleg økonomiske argument.

### Dagens organisering

Komiteen tek utgangspunkt i at ein med dagens organisering har samla oppgåvene knytt til eigedomsforvaltning og eigedomsutvikling under eigedomsavdelinga. Samstundes er eigedomsavdelinga lokalisert på rådhuset, saman med andre avdelingar ein samarbeidar tett med. Avdelinga er også underlagt kommuneorganisasjonen på lik linje med andre avdelingar, noko komiteen særleg framhevar med tanke på rådmannens fleksibilitet til å tilpasse organisasjonen til nye oppgåver og samarbeidsformer.

### Etableringskostnader

Etablering av eit foretak/selskap vil krevje både tid, personalressursar og økonomiske ressursar. Dette er i seg sjølv eit moment å ta omsyn til i vurderinga av om eit foretak/selskap skal etablerast eller ikkje. Særleg vil etableringa av eit eigedomsselskap krevje økonomiske ressursar, til såvel heimelsoverdraging av bygningsmasse, overdraging av verksemda og etableringa av eit kompetent styre.

For eit foretak vil det på same vis måtte brukast mykje ressursar på å etablere forståing for den nye organisasjonsforma, samstundes som at organiseringa ikkje er fastere enn at kommunestyret, rådmann og verksemdene må "binde seg til masta" for at foretaket skal kunne nå dei mål som ein har med foretaksorganiseringa. Moglegheita til å redusere vedlikehaldsetterslepet er normalt sett ein indikator på om ein lukkast med dette, noko som igjen handlar om kva økonomisk handlingsrom eit foretak har samanlikna med ei tradisjonell resultateining.

### Økonomisk handlingsrom

Det er kommunestyret som legg føringane for det økonomiske handlingsrommet, både for ei resultateining under rådmannen og for eit foretak eller eigedomsselskap. Det økonomiske handlingsrommet er etter komiteens vurdering ikkje avhengig av valgt organisasjonsform men av kommunestyrets budsjettvedtak det einskilde år.

Ein kan argumentere for at ein gjennom eit foretak/selskap lettare kan etablere internhusleige for kommunale bygg og derigjennom oppnå større arealbevisstheit og kostnadsreduksjon hos dei tenesteytande avdelingane som brukarar av bygningsmassen. Nettopp av denne grunn flyttar foretaket/selskapet ofte også ut av kommuneorganisasjonen og over i egne lokale.

Komiteen meiner at internhusleige er viktig for å skape bevisstheit om arealbruk og kostnadsnivå. Dette fordi arealbruken speglar behovet i dei tenesteytande avdelingane og fordi ein kan oppnå arealbevisstheit gjennom synleggjering av kostnader. Komiteen meiner slik internhusleige kan etablerast allereie etter dagens organisering, i og med at eigedomsforvaltninga er sentralisert og samla under ei eining. Komiteen ynskjer difor at internhusleige skal greiast ut med sikte på innføring i budsjett 2020.

#### Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald av kommunale bygg må tilstrebe verdibevaring av bygningsverdiane, uavhengig av korleis eigedomsforvaltninga er organisert. Naudsynt prioritering av kommunalt vedlikehald er avhengig av budsjettsituasjonen i kommunen totalt sett, også for eit foretak eller aksjeselskap. Komiteen ser difor ikkje at ein gjennom omorganisering oppnår vesentlege fordelar i den samanheng. Eigedomsavdelinga sjølv har understreka behovet for forutsigbarheit i løyvingane, meir enn ei vesentleg auke i denne løyvinga.

#### Politisk styring

Graden av politisk styring i eit foretak avhenger av styresamansetninga samt styret og dagleg leders samhandling med politisk nivå. Styrets samansetning og kompetanse er såleis viktig både for foretaket, eigedomsselskapet, rådmannen og dei folkevalgte. Kommunestyret må i den samanheng vurdere om styret skal vere samansett utelukkande av politiske representantar, eller om styret heilt eller delvis skal bestå av andre representantar, til dømes frå næringslivet.

Komiteen peikar i den samanheng på at eit styre er meir sårbart enn eit formannskap og kommunestyre. Samstundes er det klart at styret får eit omfattande arbeidsområde samstundes som dette gir foretaket ei meir effektiv arbeidslinje med berre eit styre å forhalde seg til.

Dagens organisering av eigedomsforvaltninga gir etter komiteens vurdering god politisk styring. Denne styringa vert redusert ved omdanning til foretak og ytterlegare svekka ved omdanning til aksjeselskap.

#### Samanfatning og konklusjon

Organiseringa av eigedomsforvaltninga må bygge på langsiktigheit og stabilitet, tydelege fullmakter og forutsigbare rammevilkår. Vedlikehaldsetterslepet ved kommunale bygg kan ikkje reduserast vesentleg over kort tid, men gjennom langsiktig og bevisst prioritering av naudsynte ressursar saman med fornuftige investeringar. Likeins gjeld for andre fagområde avdelinga har ansvaret for.

Komiteen ser ikkje vesentlege argument for å organisere eigedomsforvaltninga som eit foretak eller selskap, men understreker behovet for å etablere ei internhusleigeordning som synleggjer kostnadsnivået for drifta av kommunale bygg saman med tydelege fullmakter for det vidare arbeid.

\* \* \*

Fosnavåg, 17.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

## **Uttale frå staben i eigedomsavdelinga**

### **Seksjonsleiar reinhald, seksjonsleiar byggdrift, prosjektleiarar og bustadkonsulent ønskjer å kome med følgjande uttale til saka:**

På spørsmål om etablering av kommunalt eigedomsforetak KF eller kommunalt eigedomsselskap AS er staben i eigedomsavdelinga samde om at det ikkje er ønskjeleg å etablere verken foretak eller eigedomsselskap. Derimot ønskjer staben og halde fram med dagens organisering, eller at det på nytt vert vurdert å plassere eigedomsavdelinga direkte under Rådmann.

Staben uttrykkjer særleg at det ikkje er ønskjeleg å etablere kommunalt eigedomsselskap, dette fordi dei tilsette ønskjer å halde fram med å vere kommunalt tilsette framfor å gå over i privat sektor. Konsekvensane for eigedomsavdelinga og dei tilsette er særleg uklare ved etablering av eigedomsselskap, og staben er samde om at det vil skape større avstand til eit nyttig fagmiljø og samarbeid med andre avdelingar i kommuneorganisasjonen dersom dette vert utfallet.

Ved utgreiing er fylgjande målsetting for eigedomsforvaltning lagt til grunn:

*«Profesjonell og effektiv eigedomsforvaltning med fokus på verdibevarande drift, vedlikehald og vidareutvikling av bygningsmassen.»*

Staben i eigedomsavdelinga har som utgangspunkt at for å nå den gitte målsettinga er hovudutfordringa økonomi og for lite avsette midlar til føremålet, samt manglande handlingsrom. Staben er såleis ikkje utelukkande negative til etablering av foretak, men meiner at det må liggje ein klar økonomisk gevinst til grunn for faktisk etablering. Av saksframlegget kan ein ikkje sjå at det ved å etablere foretak medfører noko umiddelbar auke i økonomien, og staben ser difor ikkje noko klar hensikt i å etablere foretak framfor å halde fram som i dag.

## **Uttale frå reinhaldarane i eigeomsavdelinga.**

### **Verneomod, tillitsvald og koordinatorar hadde møte den 29.05.18 og ønsker å komme med denne uttale til saka:**

På spørsmål om etablering av kommunalt eigeomsforetak KF eller kommunalt eigeomsselskap AS, er seksjon reinhald samde om at det ikkje er ønskeleg å etablere verken foretak eller eigeomsselskap.

Reinhaldarane ser ikkje kva fordelane er med å gå over til eigeomsforetak KF eller eigeomsselskap AS.

Kva vil konsekvensane verte for dei tilsette ved å endre organisering?

Vi kan heller ikkje sjå av saksframlegget at det medfører nokon auke i økonomien, og vi ser ikkje fordelene ved å etablere foretak.

Seksjon reinhald har sidan 2013 gått gjennom en utviklings og omstillingsprosess.

Målet med prosessen var å betre helse miljø og tryggleik på arbeidsplassen, samstundes utnytte ressursane på ein betre måte. Få ei meir fleksibel avdeling.


Dette har vi i stor del lukkast med og vi ønskjer å fortsette denne prosessen.

Reinhaldarane ønsker å fortsette med dagens organisering. Vi vil gjere vårt beste for å vidareutvikle seksjon reinhald for Herøy kommune.

## **Referatsaker**

**RS 9/18 Spørsmål til rådmannen 07.05.2018 - svar frå rådmannen  
Spørsmål til rådmannen 07.05.2018 - svar frå rådmannen 25.05.2018  
00:00:00**





## NOTAT

Til: Komite for næring kultur og idrett

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr  
2018/755

Arkivkode

Dato  
25.05.2018

---

### SPØRSMÅL TIL RÅDMANNEN 07.05.2018 - SVAR FRÅ RÅDMANNEN

Komite for næring, kultur og idrett stilte i møte 07.05.2018 følgjande spørsmål til rådmannen:

*Kvifor har ikkje saker som vedkjem komite for næring, kultur og idrett sitt ansvarsområde blitt lagt fram for behandling i tråd med delegasjonsmynde?*

Svar:

Komite for næring, kultur og idrett sitt mandat ligg vedlagt nedst i dette notatet og rådmannen påpeikar følgjande frå mandatet:

*Generelt mynde*

*Komite for næring, kultur og idrett gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.*

***Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.***

Rådmannen tolkar spørsmålet til komiteen dit at dette gjeld saker som går direkte til Formannskap for vedtak eller innstilling til kommunestyret sjølv om dei grip inn i komiteen sitt arbeidsområde. Dette er nærliggande å tenkje at dette gjeld bla. planverk/plansaker.

Sidan komiteen ikkje nemner konkrete saker dei saknar må svaret verte av ein generell karakter.

Formannskapet har ei vesentleg rolle i den politiske organiseringa i Herøy. Formannskapet har ansvaret for mellom anna *heilskapsplanlegging og større tverrsektorielle planer, saker med økonomisk konsekvens går via formannskapet og evt. vidare til kommunestyret, areal- og temaplanar og reguleringsplanar.*

Dagens praksis er derfor at alle saker av økonomisk konsekvens og alle plansaker skal til Formannskap for vedtak eller innstilling til Kommunestyret. Dette kan ha gjort at sakene ikkje har blitt lagt fram for komitear for uttale sjølv om dei grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.

I slike saker vil likevel Formannskap/Kommunestyre vere rett organ for å treffe vedtaket ift. delegeringsreglementet, men rådmannen har kanskje ikkje gjort nok for å sikre at sakene vert lagt fram for dei ulike politiske komiteane for uttale når det er saker som vedkjem deira arbeidsområde.

Rådmannen vil i etterkant av dette notatet sende ut ei påminning til administrasjonen om at dei ulike komiteane har uttalerett i saker som vedkjem deira arbeidsområde sjølv om vedtaksmynde i sakene ligg til Formannskap eller Kommunestyret. Administrasjonen må vidare sjå til at saker som vedkjem arbeidsområde til ein komite enten melder saka opp som referatsak(RS) eller politisk sak(PS) for uttale.

Rådmannen vil elles minne om at komiteen kan be om å få saker framlagt på eige initiativ eller gjennomføre besøk med bedrifter, synfaring på idretts- eller kulturanlegg, teneste for kulturproduksjon etc.

Vedlegg 1:

## § 6 KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT SINE OPPGÅVER

### 6.1 Saksområde

**Komiteen skal ha spesielt fokus på utvikling av lokalsamfunnet.**

Komite for næring, kultur og idrett får på vegne av kommunestyret følgende ansvar og mynde:

- Strategisk næringsutvikling/**næringsetablering**
- Gjere vedtak om tilskot frå kommunalt næringsfond
- Gjere vedtak om tilskot frå RDA- midlar
- Gjere vedtak om tilskot frå kulturmidlar
- alt allment kulturarbeid
- **kulturminne**
- kulturbygg og idrettsanlegg
- bibliotektenester
- kultur- og bygningsvern
- fritidsklubbar
- idrett
- friluftssaker
- reiseliv

Generelt mynde

Komite for næring, kultur og idrett gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

**Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.**

Komiteen avgjer som 1. instans, i dei **enkeltsakene** innan overnemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Komite for næring, kultur og idrett kan:

- Gje politiske retningslinjer innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjon si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen om kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Komiten rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens går via formannskapet og vidare til kommunestyret.